

## Saksprotokoll i fylkestinget - 08.12.2015

**Anne Gine Hestetun** stilte spørsmål om Rasmus Laupsa Rasmussen var ugild. Fylkestinget vedtok samrøystes at Rasmus Laupsa Rasmussen var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Rasmussen gjekk frå under røystinga.

**Tom Sverre Tomren** stilte spørsmål om Anne Gine Hestetun var ugild fordi Rasmussen er politisk rådgjevar for politisk leiing. Fylkestinget vedtok samrøystes at ho ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Hestetun gjekk frå og fylkesvararordføraren leidde møtet under vurderinga og røystinga.

Det var 56 representantar til stades.

**Tom-Christer Nilsen** sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

"Ber om en vurdering av hvordan forholdet mellom rådgiver som ansatt i Ap og kommunikasjon mellom rådgiver og fylkesordfører i forhold til offentlighetsloven."

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Nilsen sitt forslag vart oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at det for valperioden 2015-2019 vert utbetalt eit tilskot til ein politisk rådgjevar for det partiet som til ei kvar tid har vervet som fylkesordfører.
2. Tilskotet utgjer ein årleg sum lik "tilskottet til opposisjonsgrupper" kr 645.000 (budsjett 2015) og skal reguleras kvart år i samsvar med punkt 4.
3. Ordninga tek til å gjelde frå 15.10.2015.
4. Ordninga med tilskott til opposisjonsgruppene på totalt kr 645.000 (budsjett 2015) vert vidareført i tråd med reglement for godtgjersle til folkevalde.